

Planprogram

Endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark (plan-ID 12005).
Plan-ID 4635-2023002. Versjon 2, revisjon etter offentlig ettersyn.

TIPPETUE
ARKITEKTER AS

24.11.2023

1. Samandrag

Planprogrammet er utarbeida med bakgrunn i Forskrift om konsekvensutgreiing §14 og §6 bokstav b.

Skipavika Næringspark AS har sett i gang arbeid med å endre gjeldande Detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark plan-ID 4635 -12005, for å legge til rette for produksjon av grøn ammoniakk med tilhøyrande infrastruktur og faresoner / omsynssoner rundt anlegget. Tiltaksområdet for ammoniakkanlegget er regulert til næringsføremål og vegetasjonsskjerm i gjeldande reguleringsplan, men reguleringsføresegna opnar ikkje opp for etablering av slik verksemd. Anlegget inneber produksjon av farleg stoff og kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Planendringa er derfor utgreiingspliktig etter forskrift om konsekvensutredning §6 bokstav b, vedlegg I pkt. 6, b). Dette er nærmare grunngjeve i kapittel 2.

For planar som er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 4–2 andre ledd, skal det utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal vere eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal være tilpassa den konkrete plansituasjonen og planbehovet.¹ Som eit minimum skal planprogrammet skildre føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar og opplegget for medverknad.

Planprogrammet har vore på offentleg høyring i minimum 8 veker og det vart i tillegg gitt utsett frist til både offentlege instansar og private interessentar. Det kom til saman 16 merknadar, derav 9 uttalar frå offentlege instansar. Det var ingen regionale eller statlege mynde som på grunnlag av forslag til planprogrammet varsla motsegn til planendringa. Merknadane og uttalane er vurdert og innarbeid i planprogrammet, der det har vore relevant.

Dei overordna måla med planarbeidet er som følgjer:

1. Avklare om det skal vere tillat med storulykkeverksemd (i form av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk) i industriområde², legge til rette for etablering av slik verksemd og sikre tilstrekkeleg avstand mellom ammoniakkanlegget og andre verksemdar i planområdet.
2. Avklare reelt arealbehov for utviding av planområdet i samband med etablering av omsynssoner rundt planlagt ammoniakkanlegget i sørleg del av industriområdet samt for utviding av planområdet i nordaust ved riggane som ligg i opplag.
3. Avklare nytt grep for arealdisponering internt i industriområdet, og med det ny avgrensing for arealføremålet «vegetasjonsskjerm.»

Planendringa har også som føremål å omdisponere arealføremål internt i industriområde; dels frå «vegetasjonsskjerm» til «næring/industrieføremål» samt også omvendt. Andre endringar i disponering av føremål kan også vere aktuelt. I tillegg er planområde foreslått utvida samanlikna med gjeldande reguleringsplan. Dette for å ta høgde for faresoner / omsynssoner rundt ammoniakkanlegget i sørleg del av industriområdet samt for å ta høgde for reelt arealbehov i samband med pågåande oppankring av riggar i nord. Utvidinga i nord er etter innspel frå Gulen kommune i samband med oppstartsmøtet den 05.06.2023.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/lovkommentar-til-plandelen-av-plan--og-bygningsloven/id2701235/?ch=5>

² Sjå kap. 5.4 for detaljar kring prosess for samtykke frå Direktoratet for Samfunnssikkerheit og beredskap..

2. Innhald

1. Samandrag.....	1
2. Innhald.....	2
Innleiing.....	3
1. Tiltak og planområde.....	4
1.1. Planlagt tiltak.....	4
1.2. Lokalisering.....	9
1.3. Planavgrensing og eigedomstilhøve.....	10
1.4. Planstatus.....	12
2. Forholdet til forskrift om konsekvensutredning.....	15
2.1. Vurdering plan / tiltak etter forskrifta §6.....	15
2.2. Vurdering av plan / tiltak etter forskrifta §8.....	16
2.3. Vurdering av innhald og omfang av konsekvensutgreiing.....	19
2.4. Identifikasjon av relevante KU-tema for reguleringsplanen / plantiltaket.....	21
3. Alternativvurdering.....	28
3.1. Utbyggingsalternativ.....	28
4. Rammer og premisser.....	29
4.1. FNs berekraftsmål.....	29
4.2. Statlege retningslinjer.....	30
4.3. Regionale føringar.....	30
5. Planprosess, medverknad og framdrift.....	31
5.1. Oppstartsmøte.....	31
5.2. Medverknad og planprosess.....	31
5.3. Planprosess og framdrift.....	32
5.4. Parallele prosessar for avklaring av ammoniakkanlegget.....	34

Innleiing

Viser til oppstartsmøte for plansak den 05.06.2023 og referat med positivt vedtak om oppstart av planarbeid. Planinitiativet gjeld endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark, plan-ID 4635 - 2012005. Kunngjering og varsel om start av planarbeid vert gjennomført parallelt med offentlig høyring av planprogrammet. Kunngjeringsdato er 30.06.2023 i Strilen. Frist for å komme med uttale er 27.08.2023 både for oppstartsmeldinga og for planprogrammet.

Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt og godkjent i 2018 etter ei utviding av den opphavlege planen frå 2013, plan-ID2012005. Deretter er det mykje som har endra seg både marknadsmessig og teknologisk, som har resultert i eit behov for å endre reguleringsplanen.

For å imøtekomme reelle utbyggingsplanar er det behov for areal- og terrengmessige justeringar. I tillegg er det ynskjeleg å legge til rette for å etablere ein ammoniakfabrikk, noko gjeldande plan (plan-ID 2012005) ikkje opnar for. Grøn ammoniakk er sett på som det beste karbonfrie drivstoff - alternativet til langdistanse skipsfart, blant anna.

Som vist i kapittel 2.1 medfører ammoniakkanlegget at reguleringsplanarbeidet må utgreiast etter forskrift om konsekvensutgreiing (KU-forskrifta). Jamfør plan- og bygningslova §4-1 skal det derfor utarbeidast eit planprogram som jf. §14 i KU-forskrifta skal belyse:

- a) Planen / tiltaket, det aktuelle området og dei problemstillingane som i den konkrete saka er viktig for miljø og samfunn.
- b) Tilhøve som etter kapittel 5 i forskrifta skal utgreiast, og kva for metodar som er tenkt nytta for å skaffe naudsynt kunnskap.
- c) Relevante og realistiske alternativ, og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga.
- d) Plan- og søknadsprosessen, fristar i prosessen, deltakarar og plan for medverknad frå grupper og andre som vert særleg påverka.

Planprogrammet vil i hovudsak fokusere på ammoniakkanlegget då det er dette tiltaket som spesifikt utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Omliggande omsyn og verdiar er grundig skildra i tidlegare planarbeid og konsekvensutgreiingar. I og med at aktuelt planinitiativ har mykje det same tiltaksområdet som plan-ID 2012005 (gjeldande reguleringsplan) har planprogrammet si skildring av nær- og omliggande verdiar og omsyn eit forenkla nivå, ref. kapittel 2.

Etablering av eit ammoniakkanlegg fordrar i tillegg samtykke frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap. Denne prosessen vil skje dels parallelt med planarbeidet.

Planområdet kan bli redusert fram mot innsending til 1. gangs behandling i samband med at det føreligg meir eksakt kunnskap om blant anna omfang av ytre faresone rundt ammoniakkanlegget, som del av samtykkeprosessen mot DSB. Planområdet vil blant anna tilpassast omfang av ytre faresone rundt ammoniakkanlegget. Faresonene (dvs. indre, midtre og ytre sone) vil implementerast i planarbeidet og visast i plankartet som omsynssoner. Dette er skildra i kapittel 1.

Forslagsstillar er Skipavika Næringspark As v/Lars Hellandsjø.

Fagkyndig / plankonsulent for planarbeidet er Tippetue Arkitekter As. Kontaktperson, e-post: ingvill@tippetue.no. Norconsult Norge AS er ansvarleg for parallelle avklaringsprosessar med omsyn til andre lovverk og myndigheiter, som Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

1. Tiltak og planområde

1.1. Planlagt tiltak

Plantiltaket gjeld hovudsakleg eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk i Skipavika Næringspark. I tillegg skal intensjonane i gjeldande reguleringsplan vidareførast, deriblant grunntanken om etablering av ei maritim klynge og med det også det landbasert oppdrettsanlegg.


Planinitiativet foreslår ei utviding av planområdet for å ta høgd for nødvendige omsynssoner rundt ammoniakkanlegget samt ei mindre utviding i sjø pga. reelt arealbehov for pågåande service på riggar og skip som ligg i opplag.

Ammoniakkanlegget er planlagt på bnr. 54 samt dels inn på bnr. 47. Sjå figur 8 for tomteavgrensing og illustrasjon av foreløpig volumstudie i figur 1. Endeleg forslag til plassering av bygg og til volum vil belysast i det vidare planarbeidet, etter input frå prosjekteringsprosessen og samtykkeprosessen opp mot DSB. Tilkomst er planlagt frå sør, via hovudtilkomst inn på nærings- og industriområdet, ev. også frå vest. Endeleg løysing for tilkomst skal utgreiast i det vidare planarbeidet.

Sluttproduktet grøn ammoniakk vert skipa ut frå kaianlegg i front av anlegget. Nedkjølt ammoniakk vert lagra i tankar med temperatur lik -33 °C , før utskipping. Overføring frå tank til fartøy tar ca. 1 døgn avhengig av skipet sin kapasitet. Foreløpige planar om utskipping er 2 gangar per måned.


Skipavika næringspark har gode hamneforhold med etablert hamneaktivitet og djupvasskaier. Ammoniakkanlegget kan medføre endring av kaifront, og behov for nye kaier. Dette må vurderast nærmare i planarbeidet når prosjekteringsnivået er meir detaljert.

Ammoniakkanlegget består primært av prosessanlegg, rørgater, tårn og piper samt 2 lagringstankar, kompressorstasjon(ar) og hamneanlegg. Eksakt volum og byggehøgd for ammoniakkanlegget er per tid ikkje kjent, men 60 meter for fakkeltårn og 35 meter for hovuddel av prosessanlegget er realistisk.




Figur 1 Foreløpig volumskisse ammoniakkanlegg

Produksjonsanlegget er tredelt og består av eit hydrogenanlegg, eit anlegg for produksjon av nitrogen og eit anlegg til produksjon av ammoniakk. Alle produksjonseiningane krev elektrisk kraft. Kraftbehovet for anlegget er 130 MW. Grøn ammoniakk er produsert med utgangspunkt i grøn hydrogen, og med basis i fornybar energi. Ammoniakk har høgt innhald av hydrogen og er derfor ein god energibærer og godt eigna som drivstoff. Samtidig har flytande ammoniakk 1,5 gongar høgare energitettheit enn flytande hydrogen, som gjer det enklare å lagre og å transportere.




Figur 2 Forslag til arealbruk på bnr. 54 samt tilhøyrande hamnefunksjonar samt illustrasjon av symbiose med oppdrettsanlegget.

Hydrogenproduksjonen skjer ved elektrolyse. Neste trinn er at luft vert splitta til nitrogen (N_2) og oksygen (O_2). Siste trinn er produksjon av ammoniakk der nitrogen og hydrogen er inngangsstoff.



Figur 3 Produksjonsløp, grøn ammoniakk.

Biproduktet oksygen kan nyttast til ulike føremål, blant anna til det nærliggande oppdrettsanlegget som er under planlegging. Det same prinsippet gjeld for overskotsvarmen, som illustrert i figur 2 og 4.



Figur 4 Moglege synergieffektar mellom ammoniakkanlegget og oppdrettsanlegget, som er under planlegging.

Når det gjeld kraft- og straumsituasjonen så planlegg BKK Nett ny trase / kabel over Fensfjorden med installasjon av ny Raunholmen nettstasjon på 22 kV og 132 kV, på industriområdet. Dette arbeidet vil gå dels parallelt med planarbeidet og planprosessen, og skal styrke dagens regionalnett og sikre tilstrekkeleg kapasitet i området.

Tabell 1 Anleggsspesifikasjonar summert

Produksjonskapasitet	300 tonn pr. døgn / 100 000 tonn per år.
Lagringskapasitet	10.000 – 20.000 m ³ nedkjølt.
Ferskvasstilførsel	Oppdemma vassreservoar internt i planområdet. Søknad om dam er konsesjonsbehandla og godkjent i den samband.
Kjøling	Sjøvatn. Djupne for inntak vert avklart i vidare prosess.
Kraftbehov / straumforsyning	130 MW, ca. 1.1 TWh/år.
Produksjonsprosess	Sjå figur 3 for illustrasjon av produksjonsløp.
Konservativ avgrensing av ytre faresone / omsynssone	550 meter frå lastepunkt. Sjå forslag til planavgrensing / kartutklipp i figur 8.
Overskotsvarme og oksygen kan leverast til oppdrettsanlegget, som illustrert i fig. 4.	


Eit ammoniakkanlegg medfører avgrensing av omsynssoner i plankartet. Omsynssonene vil ha same avgrensing som indre, midtre og ytre faresone rundt ammoniakkanlegget. Faresonene sitt omfang vert utgreia i samband med kvantitativ risikoanalyse (QRA) som er underlag til søknad om samtykke for etablering av ammoniakkanlegg. Samtykkesøknaden skal sendast Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB).

Til varsel om oppstart av planarbeid er det tatt høgd for at ytre faresone har ein konserverativ radius på 550 meter rundt kritisk punkt. Det er venta at radiusen vert justert og tilpassa fram mot 1. gangs behandling av planforslaget når kunnskapsgrunnlaget er meir nøyaktig. Det vi per i dag veit er at dagens arealbruk i ytre faresone rundt ammoniakkanlegget ikkje vert påverka negativt av tiltaket. Prinsippet for fare-/ og omsynssonene er forklart og vist i figur 5 og 6 nedanfor.

Enkelt sagt så det strengare restriksjonar for faresonene dess nærmare ein er anlegget. Ytre faresone vil vere eigna for det aller meste, slik det kjem fram av figur 5 og 6 under.

Hensynssone	Hensynssonene for Farlig stoff-anlegg går ut:	Hensynssonene for Eksplosivanlegg går ut:	Bestemmelser for hensynssonene (objekter og aktiviteter akseptert i sonen)
Indre sone	Til risikokontur 10^{-5}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Dette er i utgangspunktet virksomhetens eget område.</p> <p>I tillegg kan for eksempel LNF-område inngå i indre sone. Kun kortvarig forbi-passering for tredjeperson (turveier etc.).</p>
Midtre sone	Til risikokontur 10^{-6}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Offentlig vei, jernbane, kai og lignende. Faste arbeidsplasser innen industri- og kontorvirksomhet kan også ligge her. I denne sonen skal det ikke være overnatting eller boliger. Spredt boligbebyggelse kan aksepteres i enkelte tilfeller.</p>
Ytre sone	Til risikokontur 10^{-7}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Områder regulert for boligformål og annen bruk av den allmenne befolkningen kan inngå i ytre sone, herunder butikker og mindre overnattingssteder.</p>
Utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	<p>Skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesenter, hoteller eller store publikumsarenaer må plasseres utenfor ytre sone.</p>

Figur 5 Eksempel på restriksjonar for reguleringsføremål/arealbruk i dei enkelte faresonene rundt



Indre hensynssone (H350_1)

I denne hensynssonen tillates kun etablering av installasjoner som tilhører anlegget/virksomheten.

Midtre hensynssone (H350_2)

I denne sonen kan det ikke etableres boliger. Det skal ikke etableres skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesentre og hoteller eller tilsvarende installasjoner med større ansamlinger av publikum i denne sonen.

Ytre hensynssone (H350_3)

Det skal ikke etableres skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesentre og hoteller eller tilsvarende installasjoner med større ansamlinger av publikum i denne sonen.

Figur 6 Skjematisk oppsett av, og forklaring av, faresoner / omsynssoner rundt storulykkeverksemd. Kjelde: DSB.

Ammoniakkanlegget vil få positiv ringverknad for klima og næringsutvikling i kommunen, og i regionen. Ferdig anlegg vil skape 50 nye kompetansearbeidsplassar og omtrent 100 arbeidsplassar i regionen totalt sett. Anlegget vil produsere 300 tonn utsleppsfri ammoniakk per døgn på basis av vatn, luft og fornybar kraft. Anlegget i Skipavika kan gi CO₂ reduksjon tilsvarande 30 % av Bergen sitt årlege utslepp, dvs. ca. 240 000 tonn per år³.

Ammoniakk er utgangsstoff for gjødselproduksjon og eit godt eigna drivstoff for framtidretta og utsleppsfri sjøfart. Grøn ammoniakk er sett på som eit godt eigna karbonfritt drivstoffalternativ for langdistanse skipsfart og er derfor eit viktig satsingsområde for å nå klimamål, og for grøn omstilling av industri og samfunn. Foreslått planendring støttar godt oppunder intensjonane i gjeldande reguleringsplan for Skipavika men også nasjonale og regionale strategiar om grøn omstilling av industrien.

Kort om det landbaserte oppdrettsanlegget inkludert slakteri

Det landbaserte oppdrettsanlegget er avklara i gjeldande reguleringsplan, vedtatt 2018. Vestland fylkeskommune har deretter gitt løyve til produksjon av settefisk- og landbasert matfiskproduksjon og av laks, aure og regnbogeaure på lokalitetane Rørvikneset I og II i Gulen kommune, 26.06.2020⁴.

Statsforvaltaren har gitt løyve til forureining i tråd med søknaden frå Sande Aqua AS, men med nærmare definerte vilkår. Utsleppsleidning er planlagt søraust for Rørvikneset. Vedtak om løyve til forureining i samband med RAS-anlegget er datert 16.09.2020.⁵

Som del av anlegget er det planlagt eit slakteri med slaktekapasitet på 300 tonn råstoff per døgn, dvs. ca. 249 tonn slakta og hovudkappa fisk på ein normal produksjonsdag med to skift (ref. opplysningar i søknad om løyve etter forureiningslova). Det skal i tillegg leggast til rette for å filetere / vidareforedle inntil 20 000 tonn prosessert produkt per år. Reinsa prosessvatn inkludert vaskevatn frå produksjon er planlagt slept ut på om lag 25 meters djupne like nord for anlegget, søraust for Rørvikneset parallelt med utsleppsleidning for RAS-anlegget.

Søknad om løyve etter forureiningslova, for slakteriet, er sendt ut på offentleg høyring med høyringsfrist satt til 15.07.2023.⁶ Statsforvaltaren skriv fylgjande om kunnskapsgrunnlaget i området, ref. figur 7. Tiltaket er også nabovarsla.

Naturmangfaldet i området har tidlegare vorte kartlagt i samband med søknaden om løyve for RAS-anlegget og etableringa/utvidinga av Skipavika Næringspark. Det er i tillegg utført førehandsgranskningar, inkludert straummålingar og modellering av innblandinga av utsleppet i vassmassane i området rundt utsleppspunktet.

Figur 7 Utklipp frå følgjebrev til høyring av søknad om utsleppsløyve, 06.06.2023

Planendringa og den pågåande søknadsprosess i samband med det landbaserte oppdrettsanlegget må samkøyrast på ein god måte og med utgangspunkt i overordna premiss for planområdet som heilheit. Deriblant den overordna infrastrukturen for tilkomst til og igjennom planområdet samt det overordna premissa om vegetasjonsskjerm mot veg i vest. I tillegg vil det vere viktig å finne gode

³ Globalt gjennomsnitt på 2.4t CO₂ per tonn ammoniakk produsert: International Energy Agency, 2021. Planlagt produksjon på 100'000 ton ammoniakk per år = 240'000t CO₂ reduksjon per år Bergen by sitt CO₂ utslipp i 2020 var 736'940t CO₂-ekvivalent: Bergen Kommune, 2022

⁴ 2020/46555-4

⁵ 2019/14087, ref. Fylkesmannen i Vestland.

⁶ 2022/16492.

løysningar som sikrar at dei ulike verksemdene sine behov vert ivaretatt på ein funksjonell og optimal måte, i Skipavika næringspark.

1.2. Lokalisering

Planinitiativet gjeld eit areal som i all hovudsak inngår i Skipavika næringspark og som er lokalisert nord for tidlegare Skipavika ferjekai på Sandøy, og på vestsida av Brandangersundet i Gulen kommune. Forslag til planområde er vist i figur 8. Varselområdet er vesentleg større enn relevant tiltaksområde. Tiltaksområdet vil forhalde seg til gjeldande planavgrensing, ref. grønt omriss i figur 8, og er under opparbeiding i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Skipavika næringspark har ei strategisk plassering som eit av tre industriområde i Fensfjordbassenget, som er eit av ni nøkkelområde for grønn omstilling og innovasjon i Bergensregionen⁷. Nemnte ni nøkkelområde er regionale konsept «som bidrar til å nå klimamåla og som aukar verdiskaping ved å ta del av kvarandre sine verdikjedar.»

Lokasjon Skipavika har vidare eit stort fortrinn med tanke på at industriområdet er tidlegare regulert etter plan- og bygningslova og utgreia etter Forskrift om konsekvensvurdering. Kunnskapsgrunnlaget er derfor godt. Plan- og tiltaksområdet er avklart med tanke på blant anna landskap, strandsone, mineralressurs, naturmangfald- og miljø (marint, ferskvatn og terrestrielt), kulturmiljø/-minner m.m.

At industriområdet har vore under etablering sidan 2013 er også ein stor fordel. Det er vidare god avstand til bustadområde, institusjonar, skular og barnehagar og anna sensitiv arealbruk.

Industriområdet grensar til sjø og naturområde / utmarksareal. Sande er nærmaste bygd ca. 1 km vest for planområdet. Tilgrensande veg vest for industriområdet er tilkomst veg og har relativ låg trafikkmengd. Vegen er hovudsakleg nytta av folk som skal til / frå Sande eller til / frå industriområdet. Åtkomst og hovudport inn på industriområdet er frå vegeigendom gbnr. 79/36, fv. 5582. Det meste av anleggstransporten til / frå Skipavika skjer sjøvegen. Avstand til Sløvåg ferjekai på motsett side av Brandangersundet er i underkant av 2 km, i luftlinje.

Relevant bu- og pendlarområde er Gulen kommune, Masfjorden kommune og delar av Alver kommune. Avstand til Bergen og nærmaste flyplass, Flesland lufthamn, er ca. 100 kilometer.

Eksisterande tiltak i planområdet er eit midlertidig administrasjons- og kontorbygg (brakkerigg) med overnattingsmoglegheit tilgjengeleg for turnusarbeidarar i industriområdet ved behov. Inne på sjølve industriområdet er det etablert kontor- og lagerbygg samt pågåande aktivitet knytt til service av skip og riggar i tillegg til uttak og bulksal av tilslagsmateriale (i samband med bergsprenging for etablering og planering av industriområdet / Næringsparken).

Anleggsarbeidet for etablering av dam / reguleringsmagasin er starta jamfør konsesjonsvedtak etter vassressurslova datert 03.06.2022 og tildelt konsekvensklasse 0.

Lokasjon av ammoniakkanlegget i Skipavika

Skipavika er valt som lokalitet for ammoniakkanlegget gjennom ein systematisk utvalsprosess, som omfatta fleire enn 15 moglege lokalitetar i Noreg og som baserte seg på fylgjande kriterium blant andre:

- Potensiale for synergieffekt og bruk av biprodukta varme og oksygen.

⁷ [tps://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region---regional-rapport-bergensregionen.pdf](https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region---regional-rapport-bergensregionen.pdf)

- Avstand til busetnad og anna sårbar infrastruktur.
- Etablert industrihamn og nær tilgang til etablerte shipping-ruter både med tanke på transport av ammoniakk samt også med tanke på framtidig brensel for lokal til skipsflåte.

Skipavika er valt som lokasjon for grøn ammoniakkproduksjon gjennom ein prosess som inkluderte meir enn 15 potensielle lokalitetar i Noreg, mellom anna på grunnlag av følgjande kriteria:

- Synergjar for varme og oksygen
- Avstand til busettingar og annan sårbar infrastruktur
- Etablert industrihamn
- Tilgang på kraft
- Tilgang på kompetent arbeidskraft
- Nærleik til eksisterande skipsruter – både for transport av ammoniakk og som potensielt påfyllingspunkt for drivstoff til skip

Plasseringa av anlegget er lokalisert for å optimalisere fotavtrykket til anlegget, slik at avstand til vann, kraft og kai er så kort som mogleg og tilpassa tekniske spesifikasjonar for anlegget.

1.3. Planavgrensing og eigedomstilhøve

Planområdet er vesentleg større enn for gjeldande reguleringsplan med sine 1 843 874 m² ref. figur 8. Grønt omriss i utklippet angir planområdet til gjeldande reguleringsplan.

Forslag til utviding av planområdet i sørleg del tar høgd for areal til ytre faresone/omsynssone rundt ammoniakkanlegget. Utviding i nord mot sjø og vest for vegen mellom Skipavika er gjort etter innspel frå Gulen kommune. Planområdet som foreslått til varsel kan bli redusert/ tilpassa i det vidare arbeidet fram mot 1. gangs innsending. Plan-ID for plansaka er 4635-2023002.

Føreslått avgrensing av planområdet omfattar følgjande eigedomar:


79/47	Skipavika Næringspark AS	Tiltaksområde, industri
79/54	Skipavika Næringspark AS / SkiGA AS	Tiltaksområde, industri
79/53	Viking Aqua AS	Tiltaksområde, industri
79/36, austleg del / ferjekai.	Ikkje tinglyst, vegeigedom.	Tiltaksområde, førebels administrasjonsbygg.
79/52, deler av	Ikkje tinglyst, vegeigedom.	Mindre del innanfor tiltaksområde. Hovudsakleg areal som inngår i eventuell omsynssone rundt ammoniakkanlegget, dvs. eit konservativt anslag på omfang av ytre faresone.
79/33, delar av eigedomen	Privat	Ikkje nye tiltak. Arealet inngår i foreløpig estimert faresone / omsynssone rundt ammoniakkanlegget. Dagens arealbruk vil vidareførast.
79/1, 79/11, mindre deler av eigedomen.	Privat	Ikkje tiltaksområde. Arealet inngår i foreløpig estimert faresone / omsynssone rundt ammoniakkanlegget. Dagens arealbruk vil vidareførast.



Figur 8 Forslag til planområde i samband med varsel og kunngjøring av planarbeid. Foreslått område er konservativt, og tar høygd for faresoner / omsynssoner på 550 meter frå kaianlegg / lastingspunkt tilhøyrande ammoniakkanlegget.

Ammoniakkanlegget er som hovudsak og i utgangspunktet planlagt på gnr./bnr. 79/54. Det landbaserte oppdrettsanlegget er planlagt innanfor gnr./bnr. 79/53. Eiegdomsgrensene til bnr. 54 og 53 kan bli justert dersom det viser seg nødvendig med omsyn til faktisk areal- og tomtebehov.

Figur 9 Forslag til planområde, tiltaksområde / eksisterande nærings- og industriområde med omliggande arealbruk, omsyn og verdiar.



1.4. Planstatus

Tiltaket er i samsvar med **Samfunnsplan for Gulen kommune 2022 – 2034**. Deriblant fylgjande mål / delmål og strategiar:

- Gulen kommune skal bidra til å sikre framtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 – 2050.
- Arealstrategi: Gulen kommune har etablerte industriområde som er viktig å satse vidare på. Arealkrevjande industri- og næringsutvikling skal difor i hovudsak skje i samband med eksisterande næringsområde. Ved å spele vidare på eksisterande industriområde dreg verksemdene nytte av innovative og viktige kompetansmiljø, samtidig som område for store naturinngrep vert avgrensa. På denne måten vil vi også avgrense konflikt / motstrid mellom føremåla sine ulike behov.
- 6.1: Mål næring og sysselsetting. Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv. Næringslivet skal vere variert og framtidsretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.
- 6.2 strategi næring og sysselsetting: Medverke til å utvikle eit framtidsretta, berekraftig og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

Gjeldande kommuneplan 2012 – 2024 legg til rette for etablering av industri- og lagerverksemder i form av arealføremålet *næringsbebyggelse* (sosikode 1300), i sørleg del av planområdet. Planlagt plassering av ammoniakkanlegget er sørleg del av planområdet og vist i utklippet i figur 10.

Gjeldande kommuneplan legg ingen restriksjonar på arealbruk innafor næringsområdet (sosikode 1300, næringsbebyggelse) i Skipavika.

Storulykkesverksemd er slik sett i samsvar med kommuneplanen.

Arealbruk i nordleg del av planområdet er ikkje endeleg avklart i gjeldande kommuneplan, men er foreslått tatt med i pågåande rullering av arealdelen til kommuneplanen. Foreslått utviding av planområdet mot øst og vest vil ikkje medføre endra arealbruk, men gjeld omsynssone knytt til etablering av ammoniakkproduksjonsanlegg.

Vest for industriområdet er det eit hamneareal for ei ventebøye, angitt med sirkel i kartutklippet frå kommuneplanen. Sirkelen har radius på 350 meter. Ventebøya er fjerna, men planområdet går inn i arealføremålet tiltenkt ventebøya pga. den konservative avgrensinga av ytre faresone rundt anlegget. Planområdet kan få redusert omfang når omsynssonene rundt ammoniakkanlegget er avklart. Det er ingen direkte konflikt mellom ventebøya sin hamnefunksjon og planlagt arealbruk her. Forholdet til ei eventuell ventebøye her vil i alle høve vurderast i planprosessen. Temaet er også belyst i gjeldande reguleringsplan.



Figur 10 Utklipp frå gjeldande kommuneplan. Stjerne viser planlagt plassering av ammoniakkanlegget.

Gjeldande reguleringsplan, plan-ID 2012005: Skipavika Næringspark.	
Kartutklipp	<p>Ammoniakkanlegg som verksemd fell inn under storulykkesforskrifta og DSB sitt forvaltningsområde.</p> <p>Gjeldande reguleringsplan § 1.8.2 legg ikkje til rette for etablering av storulykkesverksemder. Det er hovudsakleg med denne bakgrunn at forslag til planendring vert fremja.</p> <p>I tillegg legg planendringa opp til ei justering av plangrepet og med det ei omforming av arealføremål og føremålsgrense. Dette for å sikre ein meir aktuell og framtidretta reguleringsplan og arealbruk for vidare utvikling av industriområdet, for kommunen og for regionen.</p> <p>Til informasjon så var storulykkesverksemd tillat i den opprinnlege reguleringsplanen for Skipavika Næringspark vedtatt i 2013. Den aktuelle</p>

2. Forholdet til forskrift om konsekvensutredning

2.1. Vurdering plan / tiltak etter forskrifta §6.

Regelverket om konsekvensutgreiing (KU) er heimla i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiing.

Føremålet med regelverket er å sikre at omsyn til miljø og samfunn vert belyst og vurdert i planar med vesentleg verknad. Kva for planar som automatisk er kategorisert med «vesentleg verknad» og som alltid skal konsekvensutgreiast er gitt av § 6 i forskrifta. **Planlagt produksjonsanlegg for ammoniakk har potensiale for «vesentleg verknad» og er omfatta av KU-forskrifta §6 bokstav b).** Sjå tabell 2 for vurdering.

Som det kjem fram av kapittel 3 i planprogrammet og nedanfor vurderingar så er det gjennomført ei konsekvensutgreiing i samband med gjeldande reguleringsplan for industriområdet, blant anna for tema kulturmiljø, landskap, naturressursar, naturtypar og naturmiljø. Relevante utgreiingstema for planendringa, som ikkje er konsekvensutgreia i samband med gjeldande reguleringsplan, er i stor grad knytt til samfunnsikkerheit og forureining. For KU-tema som gjeld samfunnsikkerheit så er det hovudsakleg ROS-analyse, som er metode.⁸

Parallele prosessar blant anna opp mot Direktoratet for sikkerheit- og beredskap (DSB) vil langt på veg også avdekke og synleggjere kva for konsekvensar ammoniakkanlegget vil ha for miljø og samfunn, og vil dels vere input til plansaka si ROS-analyse og dermed også til konsekvensutgreiinga.

Tabell 2 Planar / tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, etter § 6 er:

<p>§6 pkt. a kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II</p>
<p>Vurdering: ikkje relevant</p>
<p>§6 pkt. b reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen</p>
<p>Vurdering:</p> <p>Vedlegg til EIA-direktivet⁹, Annex I og II, er tilsvarende som vedlegg I og II i Forskrift om konsekvensutgreiing.¹⁰ I EU-kommisjonens sin rettleiar til Annex I og II i EIA-direktivet, er ammoniakk og hydrogen definert som uorganiske kjemikalier.</p> <p>Produksjonsanlegg for ammoniakk og hydrogen er derfor omfatta av vedlegg 1 pkt. 6 bokstav b), som gjeld framstilling av uorganiske basiskjemikalier. Ammoniakkanlegget utløyser derfor</p>

⁸ https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmateriell/veiledere/samfunnssikkerhet_i_kommunens-arealplanlegging_metode-for-risiko_og_saarbarhetsanalyse.pdf s. 13.

⁹ Environmental Impact assesment Directive

¹⁰ https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/plansystem_prosess/regelverk_konsekvensutredninger/id2867276/?expand=factbox2867282

automatisk utgreiingsplikt etter forskrifta, § 6. Tiltaket er ikkje konsekvensutgreia i gjeldande reguleringsplan for Skipavika næringspark.

Andre relevante innslagspunkt i vedlegg I, men som ikkje utløyser utredningsplikt er fylgjande:

- 8. b) omfattar nyetablering av farleier, hamner og hamneanlegg: *Hamn- og hamneanlegget er regulert og avklart i gjeldande reguleringsplan for industriområdet.*
- 11.) omfattar anlegg for grunnvatn og 15.) dammar / anlegg for oppdemningsanlegg for grunnvatn: *Vassforsyning vert løyst frå intern dam på industriområdet. NVE har gitt konsesjon til dammen / oppdemming i medhald av vassressurslova § 8, datert 03.06.2022. Det vises til også til kap. 2.2 Vurdering etter forskrifta § 8. Oppdemming av dam og uttak av vatn i den samband er konsekvensutgreia i samband med konsesjonsøknad datert 16.12.2020.*
- 16.) omfattar røyrleidningar med ein diameter på over 800 mm og ei lengde på over 40 km. *Tiltaket medfører ikkje røyrleidning på over 40 km.*
- 19.) Omfattar uttak av massar dersom minst 200 dekar samla overflate blir berørt eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m³ masse. *Uttak av massar på industriområdet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing og avklart i samband med gjeldande reguleringsplan. Nytt terrenginngrep som følgje av planinitiativet er vel 50 dekar, og godt mindre enn storleikskriteriet.*
- 20.) omfattar kraftleidningar (inkl. kablar og sjøleidningar) med 132 kV eller meir og minimum 15 km lengde: *Planlagt tilknytning til overordna (framtidig) kraftnett er kortare enn 15 km.*
- 24.) omfattar næringsbygg på over 15 000 m²: *At det skal etablerast industribygg i Skipavika næringspark er avklart og vurdert i samband med gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing.*

§6 Pkt. c tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Vurdering: ikkje relevant.

2.2. Vurdering av plan / tiltak etter forskrifta §8.

Forskrifta § 8 gjeld for «Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.»

I samsvar med § 8 gjelder det at «Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen

b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.»

Punkt a) er relevant for aktuelt planprogram. Unntaket i §8 er dels relevant i og med at plan- og nærområdet er konsekvensutgreia for relevante tema i tidlegare planarbeid.

Opplistinga under angir moglege innslagspunkt i vedlegg II samt ei kort grunngjeving og vurdering av om planinitiativet/planendringa medfører plikt om konsekvensutgreiing for kvart innslagspunkt.

Konklusjonen er at planendringa ikkje utløyser utgreiingsplikt etter forskrifta § 8 (og vedlegg II).

Tabell 3 Relevante tiltak i vedlegg II som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn:

Relevante innslagspunkt, Vedlegg II, A. Planer og tiltak.	Vurdering
<p>1. f) Akvakultur</p>	<p>Aktuelt plantiltak er ikkje KU-pliktig etter vedlegg II, a. f.), og vert derfor ikkje vurdert opp mot § 10 (og § 9).</p> <p><u>Grunngjeving / vurdering:</u> Gjeldande plan tillèt etablering av akvakultur / landbasert oppdrettsanlegg og er konsekvensutgreia etter forskrifta.</p> <p>Tiltaket er i tråd med intensjonane i gjeldande reguleringsplan, og i all hovudsak i samsvar med arealdisponeringa. Eventuelle «avvik» gjeld dels omdisponering av arealføremål innafor industriområde, deriblant areal regulert til «vegetasjonsskjerm.» Planendringa vil oppretthalde ein buffer med grøntstruktur / vegetasjonsskjerm mellom industriområdet og vegen, og i så måte ikkje tilsidesette intensjonane i gjeldande reguleringsplan. Heller ikkje for annan arealbruk.</p> <p>Det er også vesentleg at oppdrettsanlegget er konsesjonssøkt og vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing¹¹ i den samband. I grunngjeving til vedtak om løyve til tiltak / konsesjon stadfestar Fylkeskommunen at: <i>«Tiltaket fell inn under vedlegg II til forskrift om konsekvens - utgreiingar. Fylkeskommunen har vurdert at tiltaket verken får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og fagmynde har heller ikkje bede om supplerande utgreiingar.»</i></p> <p>Fylkeskommunen si vurderinga er framleis aktuell, og vert lagt til grunn for aktuelt planinitiativ og vidare planarbeid. Det kan også nemnast at Fylkesmannen i Vestland har gitt løyve til utsepp, datert 28.05.2020: Det er søkt om ny løyve etter forureiningslova til nytt produksjonsanlegg for slakting, filetering og frysing av oppdrettsfisk datert 06.06.2023.</p> <p><i>Det landbasert oppdrettsanlegg er med bakgrunn i vurderinga ovanfor ikkje KU-pliktig etter forskrifta § 8.</i></p>
<p>2. a) Mineraluttak</p>	<p>Aktuelt plantiltak er vurdert til å ikkje være KU-pliktig etter Vedlegg II, pkt. 2 a).</p> <p><u>Grunngjeving / vurdering:</u> Sørleg del av planområdet er ein drivverdig mineralressurs med pukk-kvalitet, som er tatt ut i samband med etablering av industriområdet jf. gjeldande reguleringsplanplan. Både kommuneplanen og gjeldande reguleringsplan opnar for uttak av tilslagsmateriale / pukk på bnr. 47, bnr. 53 og bnr. 54.</p>

¹¹ <https://www.radgivende-biologer.no/wp-content/uploads/2019/10/2900.pdf>

	<p>Omdisponering av areal i gjeldande reguleringsplan frå arealføremålet «grønstruktur» til «næring» vil, i samband med etablering av ammoniakkfabrikk og oppdrettsanlegg, medføre eit meir-uttak av drivverdig ressurs på bnr. 47, 53, og 54 tilsvarande eit areal på ca. 50 000 m². Aktuelt areal er regulert til arealføremålet <i>næringsbebyggelse</i> i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Mineralressursen vil bli tatt ut på ein berekraftig måte i fulle pallhøgder som hovudsak. Der det skal etablerast tilkomstvegar frå øvre terrengnivå til nedre planeringsnivå må pallhøgdena tilpassast, som kan medføre at det ikkje kan takast ut fulle pallhøgder. Dette vil berre vere aktuelt for mindre areal relativt sett.</p> <p>Frå industriområdet er det per i dag eit pågåande bulksalg av tilslagsmateriale, som også vil handtere masseoverskot i samband med planendringa.</p> <p>Til orientering har også bnr. 33 vest for bnr. 47 drivverdig pukk- og mineralførekomst. Uttak av pukk for denne eigedommen er ikkje avklara i overordna plan (KPA). Planendringa legg ikkje opp til permanente tiltak på bnr. 33 som vil kome i konflikt med eller hindre eit eventuelt framtidig uttak av mineralressursen.</p> <p>Planendringa og ovanfor nemnte uttak frå mineralressurs vil heller ikkje få vesentlege verknadar på naturtypen kystlynghei som finns i området, vest for gjeldande reguleringsplan eller andre vesentlege omsyn og verdiar. Terrenginngrepet og bergsprenging som følgjer av planendringa er konsekvensutgreia i samband med gjeldande plan.</p> <p><i>Med bakgrunn i reel lokalisering av nytt tiltaksområde innafør industriområdet og omfang av terrenginngrep i aktuell ressurs vil ikkje planlagt uttak av massar medføre vesentlege verknadar for mineralressurs, miljø eller samfunn. Planinitiativet / planarbeidet er derfor ikkje KU-pliktig etter § 8 i forskrifta.</i></p>
<p>10. g) Demningar og anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn.</p>	<p>Aktuelt plantiltak er vurdert til å ikkje være KU-pliktig etter Vedlegg II, pkt. 10 g).</p> <p><u>Grunngjeving / vurdering:</u> Tiltaket er i tråd med arealdisponering i gjeldande reguleringsplan. Tiltaket er gitt løyve / konsesjon til uttak av vatn og etablering av reguleringsmagasin, datert 03.06.2022¹². Tiltaket er konsekvensutgreia i samband med søknad om konsesjon. Dammen er klassifisert til konsekvensklasse 0¹³.</p>

¹² <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/aa44d20b-771f-4136-9b4c-489c12e48847/202013920/3427782>

¹³ NVE 13.12.2022, 202217466-4.

	<i>Etablering av dam og demning i industriområdet er med bakgrunn i ovanfor vurdering ikkje omfatta av forskrifta § 8. Tiltaket vil ikkje medføre vesentlege verknadar for miljø og samfunn.</i>
13. Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkninger.	Ikkje aktuelt.

2.3. Vurdering av innhald og omfang av konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing kapittel 5 gjev føringar for kva konsekvensutgreiinga skal innehalde.

Som generelt prinsipp¹⁴ gjeld det at innhald og omfang skal vere tilpassa den aktuelle planen eller det aktuelle tiltaket, og vere relevant for dei avgjerslene som skal tas. Vidare at konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Dersom det manglar informasjon om viktige forhold, skal slik informasjon innhentast.

Når det gjeld avgrensing av innhald og omfang er det vesentleg for planarbeidet at planendringa ikkje skal legge til rette for eit nytt tiltaksområdet, men i all hovudsak gjeld eksisterande tiltaksområde.

Det er vidare vesentleg at plan- og nærområde er konsekvensutgreia i fleire rundar tidlegare, deriblant i samband med:

- opphavleg reguleringsplan for Skipavika Næringspark, vedtatt i 2013,
- reguleringsplan for veg mellom Sverdhola og Skipavika vedtatt i 2014 og
- gjeldande reguleringsplan for Skipavika Næringspark vedtatt 2018.
- konsesjonssøknad for det landbaserte oppdrettsanlegget inne på industriområdet
- konsesjonssøknad for uttak av vatn og etablering av dam inne på industriområdet.
- Konsesjonssøknad Sandøy vindkraftverk på Midtbøfjellet.¹⁵ (Søknaden vart avslått av NVE).

Tema som er konsekvensutgreia i samband med gjeldande reguleringsplan for næringsområdet er:

- Landskap, status før etablering av veg og næringsområde: vanlig førekommande, verdi C.
- Naturmiljø / naturmangfald: Sjå tabell 4.
- Kulturmiljø: 1 automatisk freda kulturminne vest for Klubben ca. 85 meter nord for planområdet (LOK Rørvika, ID 232483, frigitt pga. ingen funn under utgraving). Kulturminne i Sande vest for planområdet, fleire SEFRAK-registrerte bygg ved Storeneset lenger nord. Ingen funn i sjø, ref. tidlegare kartlegging/registrering gjennomført av Museum vest.
- Mineralressursar: nasjonal drivverdig pukkersurs i delar av området.
- Samfunnsmessige tilhøve deriblant friluftsliv: ingen kartlagde friluftslivområder i plan- og nærområdet. Brandangersundet er en bi-led. Forhold rundt dette er vurdert i gjeldande plan (men vil sjølvstakt vurderast som del av planendringa også).

ROS-analyse som ligg til grunn for reguleringsplanen for vegen mellom Sverdhola og Skipavika er også relevant for planarbeidet, særleg med tanke på vurdering av temaet *trafikktryggleik*. Sjå også førebels vurdering av vegklasse og standard under kap. 1.4 i planprogrammet.

¹⁴ Ref. § 17 i forskrifta, 1 og 2. avsnitt.

¹⁵ 2011 Konsekvensutredning Sandøy vindpark, SAE Vind. Konsesjonssøknaden er avslått av NVE.
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak/?type=A-6&id=210>

Tabell 4 Relevante, tidlegare funn / registreringar med omsyn til naturmiljø i nærområdet (ref. plan-ID 2012005).

Lokalitet	Skildring
Midtbøfjell	Naturtypen kystlynghei, stor verdi.
Kudalsvatnet	Funksjonsområde for Ål. (anadrom strekning). I tillegg: Stær, Sivspurv.
Kvernhusvatnet	Funksjonsområde for Ål. (anadrom strekning). Lokal informant opplyser om aure.
Storevatnet	Funksjonsområde for Ål. (anadrom strekning). Lokal informant opplyser om aure. I tillegg: Storsporve, Dvergdykker, Stær, Gulsurv, Sanglerke, bergand, Vannrikse, Snadderand, Sivspurv, Fiskemåse, Vipe, Hønsehauk.
Storenesosen	Sandsvale, Makrellterne, Ærfugl, Gjøk, Teist, Lirype.
Eikelifjellet, vest på Sandøy.	Hekkelokalitet, Hubro (2017)
Skipavika	Hekkelokalitet Strandsnipe (2011)
Sandvågen	Ål, flatøsters og sandskjel. (Området er no utfylt og planert i samsvar med reguleringsplanen)

I samband med gjeldande reguleringsplan er det i tillegg gjennomført ei risikovurdering av sediment (i sjø)¹⁶ ref. utklipp frå konklusjon i figur 11 samt at det er utarbeida ei ROS-analyse som vurderer relevante risiko- og sikkerheitstema for planområdet.

<p>MILJØGIFTER I SEDIMENT</p> <p>Det er låge konsentrasjonar av tungmetall og organiske miljøgifter (PAH, PCB og TBT) i sedimentet og tilsvarar tilstandsklasse I= « bakgrunnsnivå» og II = «god» i høve til rettleiar M-608:2016. Det var moderat høge konsentrasjonar av antracen og TBT på stasjon S1 tilsvarande tilstandsklasse III = «moderat» (tabell 4).</p> <p>RISIKOVURDERING AV SEDIMENT TRINN 1</p> <p>Alle tungmetall og organiske miljøgifter forutan eit stoff ligg under grenseverdi for kva som utgjør risiko for økologiske effektar ved kontakt med sediment (tabell 4, M409:2015). På stasjon S1 er PAH-stoffet antracen moderat høgt og overskrider marginalt grenseverdien to gongar for Trinn 1 (vedlegg 1). Samla for alle stasjonar (gjennomsnitt) ligg stoffet under grenseverdien for Trinn 1. Denne forhøga konsentrasjonen av antracen vert ikkje vektlagt då den førekjem kun på ein stasjon, i tillegg til at overskriddinga er marginal. Det er ikkje knytt økologisk risiko til spreing av miljøgifter frå tiltaksområdet og området kan friskmeldast. Det er ikkje vurdert behov for å gjennomføre risikovurdering Trinn 2 for human helse.</p>

Figur 11 Utklipp frå konklusjon, ref. Risikovurdering av sediment, rapport 2537 Rådgivende Biologer As.

I dag er industriområdet dels i drift med pågåande nærings- og industriaktivitet, og dels under opparbeiding etter gjeldande reguleringsplan. Deler av hamnearealet er også oppbygd og i aktiv drift. I den samanheng er det også gjennomført utfylling i sjø i samsvar med gjeldande reguleringsplan, blant anna i Sandvågen.

Oppsummering innhald og omfang

Tidlegare konsekvensutgreiingar for området vil kunne medføre at typiske KU-tema ikkje treng ytterlegare utgreiing etter forskrifta, eventuelt at det er behov for å supplere eksisterande utredningar slik at dei er oppdaterte og relevante for planendringa. Nokre tema er tilstrekkelege å skildre og vurdere i planomtalen og i ROS-analysen jamfør normal planutredning. Kapittel 2.4 identifiserer kva for tema som skal konsekvensutgreiast i det vidare planarbeidet.

¹⁶ Ref. Rådgivende Biologer As Rapport 2537.

2.4. Identifikasjon av relevante KU-tema for reguleringsplanen / plantiltaket

For identifikasjon og konkretisering av konsekvensutgreiinga sitt omfang er det gjort ei vurdering av faktorar som kan bli påverka av planendringa/plantiltaket og som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. §21 i KU-forskrifta. Vurderinga kjem fram av tabell 5 på neste side.

Kapittelet er oppdatert og presisert med bakgrunn i innkomne uttalar, i sær frå Statsforvaltaren. Med denne bakgrunn, og for å sikre ei heilskapleg og mest mogleg fullstendig samanstilling av relevante utredningstema, legg planprogrammet opp til at fylgjande tema skal konsekvensvurderast:

- Naturmangfald
- Vassmiljø
- Friluftsliv
- Støy
- Luftforureining
- Klimagassutslepp
- Beredskap og ulykkesrisiko (inngår som del av ROS-analyse og QRA)
- Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål (inngår som del av enkeltutgreiingar)

Ergo er det vurdert at fylgjande tema (frå plan- og utgreiingsprogrammet i rettleiar / handbok M-1941 og KU-forskrifta § 21) ikkje skal konsekvensutgreiast:

- landskap (inkludert strandsona),
- forureina grunn,
- kulturmiljø og verdsarv
- transportbehov/energiforbruk/energiløysingar.

Dette med bakgrunn i argumentasjon / vurdering under. Sjå også tabell 5.

- 1) Landskapet er allereie vesentleg påverka av eksisterande aktivitet. Planendringa vil ikkje medføre nye vesentlege inngrep i landskapet, eller i strandsona. Med referanse til kapittel 2.5.2 i M-1941 om «Beslutningsrelevans» legg vil til grunn at høgare og endra utnyttingsgrad i delar av industri - området ikkje medfører konsekvensvurdering av landskapstemaet. Dette sagt så vil eventuelle endringar i volum og byggehøgder bli vurdert og dokumentert i plandokumentasjonen, inkludert visuelle konsekvensar frå Sandebygda og andre relevante utsiktspunkt.
- 2) Grunnforureining er ikkje eit relevant tema for konsekvensutgreiing. Jamfør rettleiar M-1941 kap. 2.8.2 «Beslutningsrelevans» så skal ureina grunn konsekvensutgreiast i dei tilfella der forureiningssituasjonen er så krevjande at det er trong for å avklare om situasjonen kan handterast på ein akseptabel måte. Planendringa omfattar ikkje grunn med forureining. Som del av utgreiinga til gjeldande reguleringsplan vart det gjennomført ei risikovurdering av sediment, som uansett vil være relevant input, også til planendringa.
- 3) Når det gjeld kulturmiljø så er dette endeleg avklara i gjeldande plan.
- 4) Verdensarv er ikkje eit aktuelt tema for dette fjordlandskapet.

Andre relevante retningslinjer / premiss for dei tema som skal konsekvensutgreiast, er som fylgjer:

- Natur- og landskapspreget i tiltaksområdet er vesentleg påverka og øydelagt av eksisterande aktivitet.
- Naturpreget vest for vegen (mellom Skipavika og Sverdhola) og vest for gjeldande reguleringsplan blir ikkje direkte berørt av tiltaket utover eventuelle omsynssoner som kan medføre restriksjonar på bruk. Ergo vert arealføremålet i kommuneplanen vest for gjeldande plangrense og vest for

vegen mellom Skipavika og Sverdhola, vidareført sjølv om omsynssonene rundt anlegget kan medføre restriksjonar på bruk.

- Temaet «lyngbrenning vest for vegen» vil i første runde bli vurdert med omsyn til sikkerheit (i ROS-analysen). Dersom ammoniakkanlegget medfører restriksjonar for lyngbrenning, som igjen kan påverke naturtypen kystlynghei, skal forholdet utgreiast under tema naturmangfald (jf. metodikk i M-1941).
- Tidlegare fagutredningar og konsekvensutgreiingar skal leggest til grunn og eventuelt oppdaterast / supplerast dersom behov. Omfang av ev. oppdatering / supplering må vurderast og beskrivast av fagansvarleg for det enkelte utredningstemaet, i konsekvensvurderinga.
- Verdiar som er verdsett i andre fagutredningar skal ikkje verdsettast fleire gonger.

Tabell 5 Vurdering og identifikasjon av utgreiingstema ref. § 21 i forskrifta

Tema / faktorar som kan bli påverka av plantiltaket, ref. § 21 (og M-1941)	Relevant plantema / planomtale	Vurdering / kommentarar	Relevant KU-tema
Naturmangfald jf. naturmangfaldslova og økosystemtjeneste. Vassmiljø.	Ja	Etter uttale frå Statsforvaltaren er det vurdert at temaet skal konsekvensutgreiast med omsyn til nye forvaltningsrammer, men med bakgrunn i eksisterande kunnskap som hovudsak. Det vil bli utarbeida ei konsekvensutgreiing for naturmangfald som skildrar verdiar, påverking og eventuelle avbøtande tiltak. I tillegg vil Naturmangfaldlovenes §§ 8-12 vurderast og kommenterast. Vurderinga vil inkludere både terrestrisk og marint naturmangfald, samt feltarbeid knytt til desse. Som følge av skjerpa reglar for kunnskapsgrunnlaget vil det vere behov for gjennomføring av feltundersøkingar for alt areal som inngår i planforslaget. Ved gjennomføring av feltarbeid vil fremmande arter kartleggast, og ved funn vil det bli identifisert nødvendige tiltak for å forhindre spreiding av desse. Eventuelle verknadar på vassmiljøet skal vurderast opp mot miljømåla i vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan. Utgreiinga skal gjerast slik at offentlege mynde har tilstrekkeleg grunnlag til å utføre vurdering etter vassforskrifta § 12 slik dei er pålagt.	Ja Metodikk: Handbok / rettleiar M-1941.
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål.	Ja	Etter uttale frå Statsforvaltaren er temaet tatt med som eit eige tema i denne opplistinga, men som hovudsak vil nasjonale og internasjonale miljømål, bli vurdert i samband med enkeltståande tema som til dømes forureining.	Ja. Handbok / rettleiar M-1941.
Kulturminne og kulturmiljø	Ja	Temaet er ikkje eit aktuelt utgreiingstema etter KU-forskrifta, men blir skildra og vurdert i planomtalen. Planendringa medfører ikkje nye tiltak som vil kunne få verknad eller vesentleg verknad for automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø	Nei

		<p>eller andre beslutningsrelevante aspekt jamfør rettleiar M-1941 kap. 2.3.2.</p> <p>Temaet er tilstrekkeleg utgreia og avklara i samband med gjeldande reguleringsplan og tilhøyrande konsekvensutgreiinga. Temaet er også vurdert i samband med reguleringsplan for veg mellom Sverdholha og Skipavika.</p> <p>Storulykkesverksemda har ingen direkte arealbeslag utover gjeldande reguleringsplan, ei heller i nordleg vegetasjonsbuffer mot steinalderlokaliteten vest for Klubben, som er nord for planområdet. Arealbeslag utover dagens industriområde gjeld faresoner / omsynssoner, og ikkje konkrete tiltak.</p>	
Friluftsliv	Ja	<p>Etter uttale frå Statsforvaltaren vil konsekvensutgreiinga innehalde ei vurderinga av temaet friluftsliv jf. metodikk i M-1941.</p> <p>Jamfør M-1941 skal konsekvensutgreiinga vurdere korleis utbygginga vil påverke eventuelle friluftsområde gjennom arealbeslag, visuelle verknadar og støy. Det vil også bli gjort ei vurdering av avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle negative verknadar.</p>	Ja. Handbok / rettleiar M-1941.
Landskap	Ja	<p>Planendringa vil ikkje medføre nye arealbeslag utover industriområdet eller plangrensa til gjeldande reguleringsplan.</p> <p>Sjølve ammoniakkanlegget har ingen direkte arealbeslag utover industriområdet, men kan påverke regulert byggehøgde og tomteutnytting. Med referanse til rettleiar M-1941 meiner vi at visuell verknad av endra utnyttingsgrad og høgare bygg på deler av industriområdet (inkludert flammstårn) ikkje medføre vesentlege verknadar for miljø og samfunn.</p> <p>Landskapstemaet (inkludert strandsona) er tilstrekkeleg konsekvensutgreia i samband med tidlegare reguleringsplan for industriområdet samt i samband med reguleringsplan for veg mellom Sverdholha og Skipavika. Temaet vert skildra, vurdert og dokumentert i planomtalen og illustrasjonsmaterieill.</p>	Nei.
Forureining; dvs. støy, luftforureining, ureina grunn og klimagassutslepp.	Ja	<p>Det vil bli utført ei støyutgreiing basert på berekningar av både 0-alternativet jf. gjeldande reguleringsplan og framtidig situasjon (ref. aktuell planendring). I tillegg vil det bli utført ei overordna vurdering av støy i anleggsfasen.</p> <p>Støyutgreiinga blir utført i samsvar til Klima- og miljødepartementet si retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442:2021, samt M-1941. Føremålet er å identifisere i kva grad støyfølsam busetnad vert</p>	Ja jf. M-1941 samt T-1442/2021 (støy) og T-1520 (luft)

		<p>utsett for støy over gjeldande grenseverdier – både med omsyn til anleggsfasen og driftsfasen. Støyberekninga vil også identifisere kva for støynivå fugle- og dyreartar i området vert utsett for, men støyutgreiinga vil ikkje kunne gjere greie for eventuelle atferdsendingar / konsekvensar for dyrelivet. Dette vil omtalast i utgreiing for naturmangfald. Avbøtande støytiltak vil bli vurder på eit overordna nivå ved behov.</p> <p>Luftforureining vil bli konsekvensutgreia i tråd med retningslina for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520 og handbok M-1941. Vurderinga vil basere seg på blant anna årleg trafikkmengd (ÅDT), eksisterande luftsonekart samt vindretning og vindhastigheit. Det vil bli gjort vurderingar for svevestøv (PM10) og nitrogendioksid (NO2). I tillegg vil utslepp frå eksisterande verksemder bli vurdert samt også eventuelle verknadar på omgjevnadane. Tilgjengeleg informasjon om moglege påverknad på luftkvalitet frå ny verksemd vert lagt til grunn for vurderinga. Retningslinje T-1520 stiller krav til luftkvalitet i anleggsfasen, slik at aktuelle kompensierende tiltak bli denne fasen vil bli skildra i utgreiinga.</p> <p>Det vil bli gjennomført ei utgreiing av klimagassutslepp i samsvar med handbok M-1941, der klimagassutslepp for arealbruksendingar, anleggsarbeid, forbruk og transport av materiale, samt drift og trafikk vert vurdert. For element der det ikkje er moglege å kvantifisere klimagassutslepp vil det bli gjort ei kvalitativ vurdering. Miljødirektoratets berekningsverktøy for arealbruksendingar vil nyttast for vurdering av påverknad frå tap av karbonlager og endring i vegetasjon. For andre element vil det bli nytta andre verktøy, for eksempel VegLCA for berekning av påverknad frå anleggsfase og materiale.</p>	
Jordressursar, viktige mineralressursar	Ja	<p>Jamfør M-1941 inngår geologisk mangfald deriblant kvartærgeologiske førekomstar og mineralførekomstar i temaet naturmangfald, i den grad det er relevant.</p> <p>Jordressursar: Planendinga medfører justering av arealføremål inne på industriområdet og vil ikkje ha vesentleg verknad eller relevant verknad på jordressursar.</p> <p>Mineralressursar: Sørleg del av planområdet er drivverdige mineralressurs med pukk-kvalitet. Uttak av ressursen er pågåande. Ressursen og uttak av denne er tidlegare utgreia etter KU-</p>	Nei.

		<p>forskrifta. Vurderingar i den samanheng vil leggast til grunn for vidare planarbeid.</p> <p>Planendringa vil medføre uttak av eit areal med drivverdig pukkressurs tilsvarande ca. 50 dekar. Innslagspunktet for konsekvensvurdering (ref. Vedlegg 1, pkt. 19 i KU-forskrifta) er uttak av masse som overstige 200 dekar samla overflate eller ≥ 2 millionar m³. Planendringa overskrid ikkje innslagspunktet og fordrar derfor ikkje utgreiing etter KU-forskrifta. Denne type mineralressurs er heller ikkje nemnt som eit beslutningsrelevant kriterium, for vurdering av om tiltaket / planendringa kan få vesentleg verknadar for miljø- og samfunn (ref. rettleiar M-1941 kap. 2.1.2).</p> <p>Mineralressursen er heller ikkje vurdert til å vere omfatta av vedlegg II i KU-forskrifta. For vurdering av dette sjå tabell 3.</p>	
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Nei	Ikkje samisk område.	Nei.
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar.	Ja	<p>Transportbehov</p> <p>Industriområdet med nødvendig og tilhøyrande transportbehov er avklart i gjeldande plan.</p> <p>Planendringa med ammoniakkanlegget vil ikkje endre transportbehovet for industriområdet utover det som ligg til grunn for gjeldande reguleringsplan. Dette gjeld både land- og sjøtransport. Utskiping av ammoniakk er estimert til 1-2 gang per månad.</p> <p>I byggefasen blir mesteparten av materiale og utstyr levert via skip.</p> <p>Trafikk til / frå industriområdet må påreknast uavhengig av kva for næringsaktivitet og industri det vert lagt til rette for, og er derfor tilstrekkeleg utgreia og vurdert i samband med gjeldande reguleringsplan. Det er også relevant at det er bygd ny veg frå Skipavika til Sverdhola, som minimum er dimensjonert for industriområdet sitt transportbehov.</p> <p>Temaet trafikktryggleik vil inngå under tema «beredskap og ulykkesrisiko.»</p> <p>Energiforbruk og energiløysingar</p> <p>All industriaktivitet må ha tilpassa og aksepterte energiløysingar og vil ha høgt energiforbruk, også planlagt produksjon av ammoniakk. Industriområdet er energi-krevjande i utgangspunktet på lik linje med det grøne skiftet.</p>	Nei

		<p>Når det gjeld straumforsyning, energiløysingar så er nettkapasiteten i området for låg per i dag, uavhengig av ammoniakkanlegget. BKK Nett arbeidar med, og har satt i gang prosess med, å sikre tilstrekkeleg kapasitet i nettet via sjøkabel og med 2 trafostasjonar på industriområdet. Dette er ikkje ein del av planendringa, men vil skje dels parallelt med planprosessen i regi av BKK Nett.</p> <p>Transportbehov på sjø og land vert belyst og vurdert i planomtalen og i ROS-analysen som del av blant anna temaet ulykkesrisiko. Energiforbruk er relevant å belyse og vurdere i planomtalen, men ikkje som del av ei konsekvensutgreiing då dette er ein pågåande parallell prosess i regi av BKK Nett.</p>	
Beredskap og ulykkesrisiko	Ja.	<p>Planendringa / ammoniakfabrikken fell inn under storulykkeforskrifta, og fordrar samtykke frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB). Det er i den samanheng eit krav om å gjennomføre ei kvantitativ risikoanalyse (QRA). Denne er under utarbeiding og baserer seg på ein gjennomført HAZID¹⁷, for identifikasjon av uheldige situasjonar som kan inntreffe med omsyn til både system og utstyr samt organisatoriske og operasjonelle forhold. QRA-en skal identifisere effektive barriere, både forebyggjande og beredskapsmessige, og er eit viktig input til ROS-analysen og den heilskaplege konsekvensutredninga.</p> <p>Kystverket har uttalt at konsekvens av tiltaket skal vurderast opp mot sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen. Dette er relevant med omsyn til ulykkesrisiko og sikkerheit i den samanheng, og vil bli ivaretatt i ROS-analysen (samt belyst i planomtalen).</p>	Temaet vert svart ut og utgreia gjennom ROS-analyse og QRA.
Klimaendringar, risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred.	Ja.	Temaet er i all hovudsak vurdert og avklara i gjeldande reguleringsplan. For planområdet er det særleg stormflo og havnivåstigning som er aktuelle tema. Temaet vil uavhengig bli vurdert i plansaka si ROS-analyse.	Nei
Folkehelse og «helsens fordeling i befolkning.»	Ja	<p>Temaet «folkehelse og helsens fordeling i befolkning» er som eige tema ikkje relevant å vurdere etter KU-forskrifta. Dette sagt så er temaet folkehelse ein integrert del av den konsekvensvurderinga som skal gjennomførast for tema som friluftsliv, støy og forureining samt sikkerheit og beredskap. Temaet blir slik sett vurdert, men altså ikkje som eit eige tema.</p> <p>I tillegg er det relevant at planområdet er eit regulert og etablert industriområde. Temaet vert skildra og vurdert i planomtalen.</p>	<p>Nei.</p> <p><i>(Indirekte under andre tema: JA)</i></p>

¹⁷ Hazard identification

Tilgjengelegheit for alle uteområde og gang- og sykkelvegnett.	Nei	Temaet er ikkje relevant. Planområdet er et industriområde, som er inngjerda.	Nei.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Nei	Nye tiltak er planlagt inne på eit eksisterande industriområde, og har ingen direkte konsekvens for areal som er i bruk av barn og unge. Industriområdet er inngjerda. Eventuelt indirekte konsekvensar som gjeld risiko/sikkerheit vert vurdert som del av andre tema, eksempelvis friluftsliv (støy og forureining) samt beredskap og ulykkesrisiko (ref. eksempelvis skuleveg som var eit tema på informasjonsmøtet den 14.09.2023).	Nei. <i>(Indirekte under andre tema: ja)</i>
Kriminalitetsforebygging	Nei	Industriområdet er strengt tatt inngjerda, men temaet vil konsekvensutgreiast etter ROS-metodikk.	Ja, som del av ROS-analysen.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	Ja.	Temaet er ikkje relevant for konsekvensutgreiing, men vert skildra i planomtalen.	Nei.
Samlande verknad av planen / tiltaket sett i lys av allereie gjennomførte, vedtatt eller godkjent planar eller tiltak i influensområdet	Ja	Den samla verknaden av planendringa sett i lys av gjennomførte tiltak og godkjente planar eller tiltak i influensområdet, vil bli vurdert som del av konsekvensutgreiinga.	Ja
Tillegg: Alternativvurdering	Sjå kapittel 3.1.		

Oppsummering utgreiingsprogram samt metodikk

Planområdet er eit regulert industriområde dels i drift og dels under opparbeiding. Relevante utgreiingstema er i stor grad konsekvensutgreia tidlegare og i fleire omgangar. Konsekvensutgreiinga for planendringa vil basere seg på tidlegare relevantevurderingar og innhente ny kunnskap der dette er naudsynt, ref. ovanfor gjennomgang i tabell 5.

Det er også slik at relevante utgreiingstema inngår i, og vert utgreia i, parallelle dokumentasjons- og søknadsprosessar opp mot andre relevante myndigheiter. Utgreiingsgrunnlag frå desse prosessane vil vere underlag og input til planendringa si konsekvensutredning og til ROS-analysen.

For tema som gjeld samfunnsikkerheit så skal ROS-analyse nyttast som metode for konsekvensutgreiing, ref. forskrifta.¹⁸ Jamfør plan- og bygningslova § 4.3 skal ei ROS-analyse vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna eller ikkje. ROS-analysen skal også ta føre seg domino-/kaskade-effektar og viljestyrte hendingar i den grad det er aktuelt. Analysen skal, som Statsforvaltaren presiserer i sin uttale, utarbeidast av «rett kompetanse og dokumentere nødvendig forsikringsdekning.»

Forskrift om konsekvensutredning stiller krav til at utgreiingar skal utførast av personar med fagkompetanse i samsvar med anerkjent metodikk. Dei aktuelle tema er omfatta av Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 med unntak av tema beredskap og ulykkesrisiko som vert dekkja av QRA og ROS-analyse. Føringane i M-1941 versjon 1. september 2023 skal leggjast til grunn for alle temautgreiingar.

¹⁸ https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterie/veiledere/samfunnsikkerhet_i_kommunens-arealplanlegging_metode-for-risiko_og_saarbarhetsanalyse.pdf s. 13.

Etter KU-forskrifta § 22 gjeld det at konsekvensutgreiinga skal skildre dei metodane som er nytta for å kartlegge verknadane for miljø og samfunn, og at skildringa skal omfatte utfordringar, tekniske manglar og kunnskapsmanglar som har påverka samanstillinga av informasjon og usikre faktorar ved utgreiinga. Vidare at konsekvensutgreiinga skal innehalde ei liste over dei kjeldene som er nytta i skildringar og vurderingar, i rapporten.

Som Statsforvaltaren syner til i sin uttale til planprogrammet så skal ny oppdatert kunnskap leggest til grunn for konsekvensutgreiinga og planarbeidet (jf. KU-forskrifta § 17) samt at prosjektet si samfunnsnytte skal kome fram av konsekvensutgreiinga (jf. KU-forskrifta § 23).

Konsekvensutgreiinga som skal utarbeidast i samband med planendringa vil imøtekomme desse forskriftsfesta krava, som Statsforvaltaren syner til i sin uttale.

3. Alternativvurdering

3.1. Utbyggingsalternativ

Forskrift om konsekvensutgreiing stiller ikkje absolutte krav til at det skal gjennomførast ei alternativ vurdering.¹⁹

Denne planendringa har 2 alternativ der 0-alternativet / referansesituasjon er eit industriområde utan ammoniakkanlegg / utan storulykkesverksemd, jamfør gjeldande reguleringsplan. Alternativ 1 er industriområdet med ammoniakkanlegg / med storulykkesverksemd.

I kva grad planendringa kan realiserast med ammoniakkanlegg er sjølv sagt avhengig av kommunal behandling, men Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) si vurdering av om tiltaket har eit akseptabelt risikonivå eller ikkje, er prinsipielt vesentleg. Det er dermed DSB som har innleiande fasit på om dagens situasjon (0-alternativet) vert vidareført, eller om alternativ 1 (dvs. bygging av ammoniakkanlegget) kan realiserast. Avveging mellom 0-alternativet og alt. 1 vil hovudsakleg gjelde samfunnssikkerheit, som ROS-analyse vil belyse. Konsekvensutgreiinga etter M-1941 vil sjølv sagt også bidra til å belyse dei to alternativa og til å klargjere kva for alternativ som er realistisk og relevant.

Den endelege plasseringa av ammoniakkanlegget med omsyn til eksempelvis anna arealbruk innafør planområdet må avklarast som del av samtykkeprosessen i dialog med DSB. Dokumentasjon til samtykkesøknaden er input til planarbeidet.

Planomtalen vil uavhengig skildre dei vurderingane som ligg til grunn for endeleg plassering av anlegget innafør industriområdet samt også dei vurderingane som ligg til grunn for val av Skipavika som lokalitet.

¹⁹ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/kunnskapsgrunnlaget/forarbeid-til-en-konsekvensutredning/vurdere-alternativer-til-planen-eller-tiltaket/>

4. Rammer og premisser

4.1. FNs berekraftsmål.

FN sine berekraftsmål er ein global arbeidsplan for land, næringsliv og sivilsamfunn med 17 mål og 169 delmål, for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030 jf. fylgjande tre dimensjonar:

1. Klima og miljø: vi må løyse klimakrisa.
2. Økonomi: grønn vekst og mindre ulikskap.
3. Sosiale tilhøve: Korleis utryddar vi fattigdom.



Figur 12 FN sine berekraftsmål. Kjelde: FN-sambandet.

Berekraftig utvikling handlar om å sjå miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, og å imøtekomme menneska sine livsvilkår i dag, utan å redusere framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine livsvilkår.

I juni 2021 la regjeringa fram ein nasjonal handlingsplan for dei 17 måla.²⁰ For aktuelt planarbeid er særleg fylgjande mål relevante og førande:

- Mål 8: fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.
- Mål 9: bygge robust infrastruktur, fremme inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon
- Mål 11: gjere byer og busettingar inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige.
- Mål 12: sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre
- Mål 13: handle raskt for å motkjempe klimaendringane med konsekvensar.

²⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20202021/id2862554/>

4.2. Statlege retningslinjer.

2021 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen²¹.

Kommentar: Planinitiativet medfører ikkje tiltak i inngrepsfri strandsona. Industriområdet er avklart i reguleringsplan, under etablering og dels i drift.

2018 Statlege planretningslinjer for klima- og energianlegg og klimatilpassing²².

Kommentar: Planinitiativet bidrar til reduksjon av klimagassutslepp og til miljøvennleg energiomlegging.

2014 Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging²³.

Kommentar: Planinitiativet støttar opp under eksisterande utbyggingsmønster, infrastruktur og infrastruktur. Planinitiativet tar omsyn til overordna prinsipp for grønstruktur samt for tema som naturmangfald, matjord / landbruksareal og kulturmiljø. Dette med bakgrunn i at planinitiativet ikkje legg opp til terrenginngrep eller tiltak utover eksisterande industriområde.

4.3. Regionale føringar

Relevante [regionale strategiar](#):

- Regional planstrategi:
Hovudmål: «Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Alle berekraftmåla like viktige, og for å oppnå den langsiktige visjonen må vi ha framgang på alle saman. På kort sikt må vi prioritere innsatsen der utfordringane og moglegheitene er størst. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket.»
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033.
«Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.»
- Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035, høyringsforslag;
«For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling.»
- Regional plan for klima 2022 – 2035.
Mål: «Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.»

Andre relevante føringar er:

²¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/>

²² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-klima--og-energiplanlegging-og-klimatilpassing/id2612821/>

²³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging/id2001539/>

Gulen kommune er ein del av Grøn region bergensregion (/Grøn region Vestland) der Skipavika næringspark er del av region Fensfjordbassenget, som er 1 av 9 konsept med stort synergipotensiale, som bidrar til å nå både klimamål og å auke verdiskaping ved å ta del i kvarandre sine verdikjedar.

Gulen kommune er ein del av og har forplikta seg til Nordhordaland UNESCO Biosphæreområde sine mål om grøn innovasjon og verdiskaping.

5. Planprosess, medverknad og framdrift.

5.1. Oppstartsmøte

Oppstartsmøtet vart gjennomført 05.06.2023 med bakgrunn i planinitiativet. Referat frå møtet finns i Gulen kommune sitt saksinnsyn og på www.gulen.kommune.no og på nettsida til plankonsulent www.tippetue.no. Planinitiativet/-saka er gitt plan-ID 4635-2023002. Ved vedtak av vil plan-ID 4635-2023002 erstatte plan-ID 4635-2012005.

Planinitiativet er orientert om i hovudutvalsmøte (for plan, utvikling og klima) den 20.06.2023.

5.2. Medverknad og planprosess

Planprosessen vil fylgje plan- og bygningslova sine krav om prosess og medverknad. Planprosessen er illustrert i figur 14.

Punktvis oppsummering av medverknadsprosess etter plan- og bygningslova:

- **Forslag til planprogram** har vore på offentleg høyring i minimum 8 veker i samband med varsel og kunngjering av oppstart av planarbeid. Det vart i tillegg gitt utsett frist. Høyringsinstansar, naboar og andre aktuelle partar vert varsla direkte med brev per e-post eller som brevpost. Det kom inn 6 private merknadar samt 1 ekstra etter folkemøtet samt 9 uttalar frå offentlege instansar.

Merknadar og uttalar er vurdert og innarbeida i planprogrammet i den grad det har latt seg gjere. Planprogrammet er revidert og klargjort for fastsetting av Hovudutvalet for plan, utvikling og miljø etter delegert mynde. Eit politisk stadfesta planprogram skal vere utforma på ein måte som gjer at det i etterkant kan takast stilling til om gjennomført planarbeid, dvs. utgreiingar, er utført i samsvar med planprogrammet.

- **Planforslaget med ROS-analyse og / eller ev. konsekvensutgreiing** (ref. kapittel 2.1 og kapittel 3) skal leggst ut på offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Det er planmynde som legg planforslaget ut til offentleg ettersyn. For denne saka er merknadsfristen satt til vel 8 veker.

-

Punktvis oppsummering av medverknadsprosess i tillegg til formelle krav etter plan- og bygningslova:

- Folkemøte(r): det vart gjennomført eit informasjonsmøte 14.09.2023, og det vil bli gjennomført fleire som del av prosessen.
- Orienteringsmøte for relevante offentlege instansar er gjennomført i veke 34.
- Oppfølgingsmøter med offentlege instansar: etter behov.
- Offentleg ettersyn i minimum 4 veker av søknad om samtykke til ammoniakkanlegget. Høyringsperioden vert gjennomført når Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap

vurderer at søknaden tilfredsstillende dokumentasjonskrava, deriblant dokumentasjon på at risikoen som tredjeperson vert utsett for er akseptabel. Denne høringa vil ivareta krav i brann- og eksplosjonsvernloven § 24.

Jamfør siste punktet ovanfor så er det eigne høyrings- / medverknadskrav for ammoniakkanlegget, som følg av Forskrift om storulykkesverksemd samt også Forureiningsforskrifta. Dette vert i tillegg til prosess- og medverknadskrav i plan- og bygningslova. Samordning mellom involverte myndigheiter vil være viktig for planarbeidet. Det bør derfor leggast til rette for tett dialog mellom plankonsulent, forslagsstillar, prosjekteringsgruppe og aktuelle myndigheiter. For planprosessen vil det være kommune, DSB og Fylkesmannen som er dei mest aktuelle, ref. nedanfor oppsett frå DSB.

- Kommunen:
 - Planmyndighet – plan- og bygningsloven, ROS og KU for planer
 - Samfunnssikkerhetsmyndighet – forskrift om kommunal beredskapsplikt – helhetlig ROS-analyse
- DSB:
 - Oppfølging av brann- og eksplosjonsvernloven og tilhørende forskrifter (storulykkesforskriften, farlig stoff-forskriften, eksplosivforskriften) – samtykker og tillatelser til virksomheter
 - Pådriverrolle for å forebygge ulykker i samfunnet – også overfor andre myndigheter – informasjon om virksomheter
 - Innsigelsesmyndighet etter pbl for planer som berører farlige stoffer
- Fylkesmannen
 - Samordning av arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap
 - Oppfølging av kommunenes planarbeid
 - Innsigelsesmyndighet – samordning av innsigelser

Figur 13 Myndighetsroller i arealplanlegging knytt til storulykkesverksemd. Lista er ikkje uttømmende.




Sjå også kapittel 5.3 om relevante parallelle prosessar.

5.3. Planprosess og framdrift

Flytskjemaet i figur 14 syner «pilarane» i ein planprosess med konsekvensutgreiing. Grøne boksar angir formelle prosessar for medverknad i form av offentleg ettersyn. Som nemnt i ovanfor kapittel vil det i tillegg bli gjennomført informasjonsmøte og avklaringsmøte med aktuelle aktørar og ved behov fram mot 1. gangs behandling i sær. Tabell 6 nedanfor foreslår ei grov ramme for planarbeidet si framdrift.

Framdrifta legg til grunn at det ikkje vert fremja motsegn til planforslaget i samband med offentleg høyring og at naudsynt input frå samtykkeprosessen opp mot DSB er på plass og tilgjengeleg oktober 2023 seinast.



Figur 14 Flytskjema for planprosess med konsekvensutgreiing.

Tabell 6 Forslag til framdrift for planarbeidet.

Aktivitet / fase	Tidspunkt / periode	Kommentar
1	Oppstartsmøte	05.06.2023. Veke 23.
2	Varsel om / kunngjering av oppstart av planarbeid. Høyring av planprogram.	30.06.2023 – 27.08.2023. Veke 26 – veke 34. Merknadsfrist, planprogram: 27.08.2023. Utsett frist for merknader (etter folkemøtet): 24.09.2023
3	Folkemøte/ informasjonsmøte ang ammoniakkanlegget	14.09.2023 Vinter 2023 / 2024
4	Orienteringsmøte med kommune og mynde.	23.08.2023 Veke 34.
5	Oversending av revidert planprogram.	November 2023
6	Fastsetting av planprogram (ref. Hovudutval for plan, utvikling og klima).	Vinter 2023/2024
7	Utgreiingsfase: Arbeid med plangrep, ROS-analyse og konsekvensutgreiing.	Vinter 2023- sommar 2024
8	Produksjonsfase: Arbeid med / ferdigstille plandokument.	Vinter 2023- sommar 2024
9	Innsending til 1. gangs behandling, ev. justeringar	Sommar 2024
10	1. gangs behandling og offentlig ettersyn:	Sommar – haust 2024
11	Arbeid etter offentlig ettersyn; vurdere uttalar, tilpasse planforslag, ev. avklåringsmøte, ev. mekling.	Haut 2024
12	Ferdigstille og sende inn til 2. gangs behandling.	Haut / vinter 2024
13	2. gangs behandling/ sluttbehandling	Vinter 2024/2025.
14	Godkjenning i Gulen kommunestyre	Vinter 2024/2025.

5.4. Parallele prosessar for avklaring av ammoniakkanlegget

Direktoratet for samfunnssikkerheit og storulykkesforskrifta

Når det gjeld storulykkesverksemdar så er det Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) som er myndigheit. Det er med andre ord DSB som har det fulle og heile ansvaret for oppfylging av storulykkesforskrifta og tilsvarende forskrifter under brann- og eksplosjonsvernlova. Ergo er det DSB som gir det endelege samtykke til bygging, oppstart og drift av planlagt anlegg i Skipavika.

Prossessen med DSB skjer i to fasar:

- FASE 1: Søknad om samtykke til bygging av anlegg for farleg stoff, dvs. søknad med ei kvantitativ risikoanalyse (QRA) etter Brann og Eksplosjonsvernlova.
- FASE 2: Søknad om samtykke til oppstart og drift av anlegget.

Samtykkesøknad i fase 1 skal leggest ut på offentleg ettersyn. Det vil i tillegg bli gjennomført koordineringsmøter mellom relevante myndigheiter samt fokemøter.

I samband med samtykkesøknaden skal det produserast ei kvantitativ risikoanalyse (QRA), som vil vere eit viktig input til planarbeidet. Søknadsprosessen i fase 1 og planarbeidet vil i den grad det er mogleg samkøyrast.

Eit samtykke i fase 2 fordrar som utgangspunkt ein reguleringsplan med godkjente sikkerheitssoner. Deretter er det krav til godkjenning av tiltak etter plan- og bygningslova. Normalt sett vert det stilt rekkefølgekrav om at samtykke Fase 1 skal føreligge før det kan gis igangsetjingsløyve, og at samtykke fase 2 skal føreligge før det kan gis bruksløyve.

Prossessen med DSB er satt i gang, og vert fylgt opp av Norconsult AS.

Miljødirektoratet, Statsforvaltaren og forureiningslova

Miljødirektoratet skal godkjenne etablering av både ammoniakkanlegget og oppdrettsanlegget i samsvar med forureiningslova. For oppdrettsanlegget føreligg slik godkjenning.

Statsforvaltaren skal godkjenne tiltak i sjø, etter forureiningslova. Tiltak i sjø må i tillegg sjåast i samanheng med og vurderast etter hamne- og farvasslova.

Statsforvaltaren vil få planforslaget til uttale i samband med offentleg høyring.

Noregs vassdrag og energidirektorat (NVE), energi – og vassdragslova

NVE skal godkjenne tiltak som omlegging og tilførsel av EL-kraft samt uttak og oppdemming av vatn etter energi- og vassdragslova.

NVE har gitt konsesjon til uttak og oppdemming av vatn inne på industriområdet.

I regi av BKK Nett føreligg det planar om å styrke dagens regionalnett for å gi tilstrekkeleg kapasitet til området på nordsida av Fensfjordbassenget deriblant til industriområdet i Skipavika. Som del av dette arbeidet skal det etablerast ny nettstasjon på industriområdet.

NVE vil få planforslaget til uttale i samband med offentleg høyring.

Hamnemynde, hamne- og farvasslova

Hamnemynde vil få planforslaget til uttale når planforslaget vert lagt ut til offentleg høyring, etter 1. gangs behandling.

På tiltaksnivå gjeld det at tiltak som kan påverke tryggleik, ferdsel eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet ikkje kan etablerast utan løyve, jamfør § 14 i Lov om hamner og farvatn.